



Ørskog kommune

Ordføreren
Ordføreren

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
05/00227-2 05/00227-2 Sigmund Stene 70 27 29 07 024 K54 &10 - 3/23/2005

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2004.26 HJEMFALL

Ørskog kommune er minoritetsaksjonær i Tafjord Kraft AS, et konsern som gjennom selskapet Tafjord Kraftproduksjon produserer kraft i åtte heileide stasjoner og er med på utbygginga av Øvre Otta.

Vasskrafta er ein av Noreg sine viktigaste økonomiske ressurser og Ørskog kommune meiner at det er viktig å sikre nasjonal kontroll av desse ressursane. Ørskog kommune sluttar seg derfor i hovudtrekk til synspunkta og forslaga frå mindretalet i det nedsette utvalet (representantane frå LO, KS og LVK).


Ørskog kommune sluttar seg vidare til dei vurderingane som Ålesund kommune har gjort i sin høyringsuttale.

Konklusjoner

1. Ørskog kommune meiner at ein må avklare nærare forholdet til EØS-reglane innan vasskraft før arbeidet med forslag til endring av dagens industrikonsesjonslov kan fortsette. Som ein del av dette må det gjerast klart om det i det heile er nødvendig å gjere endringar i dagens regelverk.
2. Vidare må ein utgeie i kva grad dei foreslåtte alternativa tilfredsstillar EØS-reglane sine krav. Her må ein klarlegge om transaksjonsmodellen er i strid med EØS-avtalen, eventuelt innan kva rammer en slik modell kan iverksettast.
3. Ørskog kommune sluttar seg til mindretalet sitt forslag om ein transaksjonsmodell, dersom ein slik modell vil vere i samsvar med EØS-reglane.
4. Subsidiært støtter Ørskog kommune mindretalet sitt forslag om en rettighetsmodell.
5. Dersom lovtidspunktmodellen vert valt slik fleirtalet foreslår, går Ørskog kommune i mot at deler av verdien vert fordelt til fylkeskommunen eller tilsvarande "vertsregion".

Med helsing

Ørskog kommune


Sigmund Stene
Ordfører